

Fra: "Anders Gjøstein" <Anders.Gjostein@voss.herad.no>
Sendt: torsdag 25. april 2024 16.13.02
Til: "NVE Høringsuttalelser" <uttalelse@nve.no>
Kopi: "post@vlfk.no" <post@vlfk.no>; "Postmottak SFVL" <sfvlpost@statsforvalteren.no>; "Hans Erik Ringkjøb" <hans.e.ringkjøb@voss.herad.no>; "Torbjörg Austrud" <Torbjorg.Austrud@voss.herad.no>; "Vidar Jørdre" <vidar.jordre@voss.herad.no>
Emne: Uttale

Høringsuttale til søknad om planendring og utsett byggjefrist for Muggåselvi Kraftverk i Voss herad

Voss herad beklagar at uttalen kjem etter fristen som var sett til 19/4-2024.

Administrativt innspel frå Voss Herad.

Voss herad har vore i møte med representant frå fallrettshavarane. Heradet er positiv til forlenga byggefrist.

Voss herad er og positiv til at inntak vert flytta frå kote 380 til kote 510 og effekten vert auka frå 2,6 MW til 3,5 MW. Ein er framleis godt under skoggrensa noko som vil bidra til å avskjerma inntaket. Under vegs i prosessen var det diskutert å flytta inntaket enno høgare opp, nærare stølsbolet, men både fallrettshavarane og heradet er einige om at omsøkte høgde på inntak er riktig.

Det er av økonomiske grunnar nødvendig å flytta inntaket opp for å realisera kraftverket. I den utfordrande stoda ein har på energi nasjonalt finn Voss herad at nytten er større enn ulempene med flytting av inntaket.

Området er sterkt prega av inngrep frå tidlegare. Det går ein anleggsveg inn i området som endar på ein stor massetipp som ligg i dagen under Styveshorgi. Massetippen skriv seg frå utbygging av Evanger Kraftverk og utsprenging av vannveggar i eit stort takrenneprosjekt. Høgare opp i terrenget har Eviny fått konsesjon på å overføra vatn frå Mugåselva til Evanger kraftverk, eit inngrep som enno ikkje er utført. Det ligg over skoggrensa.

Gamle ferdselårer vert ikkje rørt av utbygginga. Det gjeld buføreveggar frå Elgje til Elgjestølen på vestsida av elva og buføreveg på austsida av elva frå Mugås til Mugåsstølen.

Etter at anleggsvegen kom er det trakka ein ny sti på austsida av elva som går opp til stølsbolet. Den vert berørt.

Heradet har vore i kontakt med representantar lokalt frå både Mugås og Elgje for å avklara bruken av området i friluftssamanheng. Dei fortel at området vert nytta av folk lokalt.

Friluftstrafikk utover lokaltilknytning, med tilkomst via Elgje, er av begrensa omfang. Det er ikkje tilrettelagt parkering for utfart i området. Anleggsvegen vert somarstid nytta som tilkomst til området og det vert parkert enkelte plassar langs vegen.

Eit år der stølsbolet var ein av stølsturane i regi av Voss Utferdslag medførte turaktivitet av litt større omfang. «Stølsturar i Vossafjell» er lågterskeltilbod i regi av Voss Utferdslag.

Under anlegg når røyrgata skal gravast ned vert det etablert ein røytrase på 15-20 meter. Etter endt anlegg er det viktig at traseen i utmark vert etablert med nytt produktivt skogareal, der

skogen etablerer seg naturleg. Det betyr at minimalt med areal vert bygd ned. Areala vil framleis produsera beite og skogressursar og bidra til karbonbinding.

Kommunen er innforstått med trongen for tilkomst frå etablert anleggsveg til inntaket. Inntaket krev vedlikehald . Denne trongen for tilkomst kan krympast til $\frac{1}{4}$ part av av den røyrtrase som ein har under anlegg.

Mvh

Anders Gjøstein
-seniorrådgjevar-

Mob. 95262093